

Protokoll: Årsmøte i Seniornett Førde 10. mars 2023

Møtestad: Førdehuset Musikkrommet

SAKSLISTE

Sak 0: Opning av årsmøtet 2023 ved styreleiar Bjørg Ladehaug

Leiaren ønskte velkommen til møtet. 27 fram møtte

Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste

Ingen merknader

Sak 2: Val av møteleiar

Bjørg Ladehaug vart vald

Sak 3: Val av skrivar

Egil Nestande vart vald

Sak 4: Val av to medlemmer til å skrive under møteboka saman med møteleiar

Birte Bjørbæk Stensrud og Torleif Håland vart valde

Sak 5: Styrets årsmelding for 2022

Møteleiaren gjekk detaljert gjennom årsmeldinga.

Vedtak: Årsmeldinga vart einstemmig godkjent

Sak 6: Rekneskap og revisjonsmelding for 2022

Kasserar Marloes Vos presenterte rekneskapet.

Rekneskapet for 2022 viser eit overskot på kr 32 119,93. Bokført kapital (bankinnskot) per 31.12 2022 er kr 204 025,15.

Vedtak: Rekneskapet for 2022 vart einstemmig godkjent.

Sak 7: Fastsette kursavgift 2023/2024

Forslag frå styret: kr 350.

Vedtak: Kursavgift for 2023/2024 blir kr 350.

Sak 8: Arbeids- og aktivitetsplan for 2023/2024

Det var ikkje lagt fram nokon aktivitetsplan frå styret, men møteleiaren viste til ein del av momenta som ligg i dokumentet «Seniornett Førde mot 2037 og vidare?». Det var ein del debatt til denne saka, der dei fleste innlegga gjekk mest i retning av å fortsette aktiviteten om lag på same måte som tidlegare.

Vedtak: Årsmøtet diskuterer. Styret arbeider og avgjer, dvs. Styret utarbeider Arbeids-/aktivitetsplan på grunnlag av innspel og merknader på årsmøtet.

Sak 9: Godtgjerdsla til tillitsvalde

Forslag frå styret: kr. 300, dvs. det samme som før.

Fleire meinte denne godtgjerdsla burde aukast, m.a. på grunn av reiseutgifter med bompengar for dei fleste. Det kom forslag om å auke godtgjerdsla til kr. 500.

Vedtak: Godtgjerdsla til tillitsvalde blir auka til kr 500.

Sak 10: Budsjett for 2023

Kasseraren la fram eit budsjett som balanserer med ein sum på kr 102 000,00.

Budsjettet er basert på rekneskapet frå året før og tidlegare. Ein del postar både på inntekts- og utgiftssida er usikre. På inntektssida er dei større postane «Kursavgift» og «Kurstilskot Studieforbundet» mykje avhengig av antall deltakarar framover og kursopplegg som kan godkjennast for tilskot. Kasseraren nemnde også at «Kaffipengar» er forutsett auka til kr. 40. På utgiftssida vil m.a. «Reiseutgifter» bli mykje påverka av kor mange utsendingar som blir påmelde til Seniornetts landsmøte i mai.

Vedtak: Budsjettet for 2023 vart einstemmig vedtatt, og ser slik ut:

BUDSJETT 2023		
	Inntekter	Utgifter
Kursavgift	14 000,00	
Officepakker	2 000,00	
Kaffipengar	30 000,00	
Kurstilskot Studieforbundet	30 000,00	
Medlemskontigent Seniornett Norge	16 000,00	
Norsk Tipping - grasrotandel	5 000,00	
Anna (Momskompensasjon + renter)	5 000,00	
Godtgjersle for utlegg til instruktørar + hjelparar		30 000,00
Servering		40 000,00
Eksterne kurs		9 000,00
Utstyr		1 000,00
Godtgjersle til tillitsvalde		1 200,00
Reiseutgifter		15 000,00
Andre utgifter		5 500,00
Finanskostnader (bankgebyr)		300,00
Resultat	0,00	
Sum	102 000,00	102 000,00

NB! Budsjettet må justereast på grunn av vedtatt auke i «Godtgjersle til tillitsvalde».

Sak 11: Behandle inkomne saker

11.1) Vipps som betalingsmåte

Vedtak: Styret får fullmakt til å bestemme dette.

11.2) Seniornett Førde mot 2037 og vidare?

Presentasjon og diskusjon omkring dokumentet vart noko uklar ved at møteleiaren alt hadde lagt fram nokre av momenta i dokumentet som forslag til aktivitetsplan for 2023/2024.

Merknader og innlegg til denne saka gjekk derfor mest på det aktuelle for neste semester, og lite på lengre framtidsutsikter for Seniornett Førde. (jf. Sak 8).

Vedtak: Styret får fullmakt til å arbeide vidare med momenta i dette dokumentet.

Sak 12: Val

Björg Ladehaug la fram valnemndas innstilling, som er slik når det gjeld styre og valnemnd:

Styre:

Leiar:	Knut Mikkelsen	eitt år, ny
Medlemar:	Knut Grønli	to år, ny
	Aslaug Vårdal Igelkjøn	to år, tidlegare vara
Varamedl.:	Torleif Håland	

Alle vart valde med akklamasjon.

Valnemnd:

Leiar:	Helge Hovland	eitt år
Medlemar:	Astrid Farsund	eitt år, ny (tidl. vara)
	Esther Skei Klausen	
Vara:	Magnus Kapstad	

Alle vart valde med akklamasjon.

Revisor:

Jon Gunnar Løland	attval for eitt år
-------------------	--------------------

Utsendingar til landsmøte i Seniornett:

Styret får fullmakt til å melde inn utsendingar til landsmøtet.

Avslutning:

Utgående leiar og styremedlemmer vart avtakka med blomster av Aslaug Vårdal Igelkjøn


Egil Nestande

Referent


Birte Bjørnbæk Stensrud


Torleif Håland